



Arbeidstilsynet | Årsrapport 2009

For eit
godt **arbeidsliv**

Arbeidstilsynet



« Arbeidstilsynet arbeider for eit godt arbeidsliv. Gjennom tilsyn og rettleiing skal vi sjå til at vedtaka i arbeidsmiljølova blir følgde opp.



INNHALD

- 04 LEIAR – TILSYN GIR KUNNSKAP
- 06 OM ARBEIDSTILSYNET
- 06 INFORMASJON OG RETTLEIING
- 07 BESKYTTAR SEG MOT SMITTEFARE
- 09 BETRE KJEMI
- 10 PLIKT TIL Å KNYTE TIL SEG GODKJEND BEDRIFTS-HELSETENESTE
- 12 URO FOR NANOPARTIKLAR
- 14 INNSATSEN MOT SOSIAL DUMPING FORTSETTER
- 16 DEI FLESTE I BYGGJENÆRINGA HAR ID-KORT
- 17 NØGDE BRUKARAR AV SERVICESENTERET FOR UTANLANDSKE ARBEIDSTAKARAR
- 18 SKAPER TRYGGLEIK I VERKSEMDENE
- 20 RETT START FOR UNGE ARBEIDSTAKARAR
- 22 NYE NETTSIDER FOR ARBEIDSTILSYNET
- 23 REGELHJELP.NO HJELPER STADIG FLEIRE
- 24 SÆRS GODT I ARBEIDSMILJØ
- 26 DØDELEG KAMSKJELDYKKING
- 28 UNDERRAPPORTERING AV TRAFIKKULYKKER
- 29 FØREBYGGING KREV KUNNSKAP
- 31 STATISTIKK OG TABELLAR



Tilsyn gir kunnskap

Ved fleire arbeidsplassar arbeider dei no systematisk for å førebyggje sjukdom og skadar. Fleire verksemder veit meir om årsakssamanhengane mellom fysiske, ergonomiske, psykososiale og organisatoriske forhold. Som eit resultat av Arbeidstilsynet sin innsats følgjer fleire verksemder opp dei sjukmelde og legg arbeidsmiljøet betre til rette for arbeidstakarane sine for å unngå sjukefråvær og for å redusere det. Det er òg stadig fleire verksemder som arbeider systematisk for å førebyggje arbeidsulykker, og talet på skadar og skadeomfanget er redusert.

Ein kombinasjon av rettleiing og kontroll frå Arbeidstilsynet er med på å sikre trygge og gode arbeidsplassar i Noreg.

Arbeidstilsynet er på tilsyn i fleire verksemder enn før. Ute på tilsyn har inspektørane vore godt utstyrte med rettleiingsmateriell, og mange verksemder opplever at erfaringane frå tilsyna er positive. Vi ser at tilsyna ofte fører til betre kompetanse og større engasjement. I 2009 har vi gjennomført nærmare 15 300 tilsyn. Det er ein auke på 11 prosent samanlikna med 2008, og 38 prosent samanlikna med 2007. Det er vi svært nøgde med.

Svartenesta svarte på i overkant 88 000 spørsmål i fjor. Nettstaden arbeidstilsynet.no hadde 1,7 millionar besøk og har gjennomgått ei stor forbetring både i innhald og utsjånad. Klar informasjon som er lett tilgjengeleg frå nettsidene og svartenesta, set leiarar og tilsette i verksemdene i stand til sjølve å ta tak i arbeidsmiljøutfordringar og løyse dei.

I 2009 har Arbeidstilsynet framleis arbeidd med å hindre sosial dumping. Vi har

gjennomført mange tilsyn og har følgd ein streng reaksjonspraksis.

Arbeidstilsynet avslører stadig lovbrøt knytte til arbeidskontraktar, arbeidstid og overtid. I mange av sakene er det indikasjonar på svart økonomi og illegalt arbeid. Vi har òg vore med på å gjere problemområdet synleg i det offentlege rommet, og det skal vi halde fram med.

For å gi arbeidstakarar som er utsette for sosial dumping, meir kunnskap om rettane dei har som arbeidstakarar i Noreg, har Arbeidstilsynet delt ut informasjon på arbeidstakarane sine eigne språk.

Arbeidstilsynet har styrkt innsatsen for å få arbeidsgivarane til å førebyggje sjukefråvær, leggje til rette for arbeidstakarar med særskilte behov og følgje opp tilsette som blir sjuke. Det er gjennomført nærmare 1700 tilsyn om dette temaet, og det er gitt reaksjonar i omtrent 70 prosent av desse tilsyna. Oppfølgingstilsyn viser at tilsyna har ført til ein endra praksis på dei områda der det er gitt reaksjonar. Påleggga har òg gitt ringverknader i form av større merksemd omkring HMS generelt, tydeleggjer av roller og betre informasjonsrutinar.

Også innanfor andre satsingsområde, til dømes førebygging av eksponering for støy, kjemiske og biologiske stoff, førebygging av arbeidsulykker og unge arbeidstakarar er det gjort ein betydeleg innsats i 2009.

I årsrapporten kan du mellom anna lese om korleis etaten for vatn og avløp i Vestby kommune tok tak i arbeidsmiljøet etter påtrykk frå Arbeidstilsynet, og om resultatane frå Arbeidstilsynet sin kampanje "Rett start for unge arbeidstakarar".



Ingrid Finboe Svendsen

Direktør
Ingrid Finboe Svendsen



« Det er stadig fleire verksemder som arbeider systematisk for å førebygge arbeidsulykker.

Om Arbeidstilsynet

Arbeidstilsynet er ein statleg etat under Arbeidsdepartementet. Oppgåva til etaten er å føre tilsyn med at verksemdene følgjer krava i arbeidsmiljølova. Arbeidstilsynet har òg oppgåver i høve til andre lover, der ferielova og delar av tobakkskade lova er dei viktigaste. I tillegg har Arbeidstilsynet tilsyn med læringsmiljøet til studentar ved universitet og høgskular. Utlendingslova

og allmenngjeringslova gir Arbeidstilsynet ansvar og rett til å føre tilsyn med lønns- og arbeidsvilkår for utanlandske arbeidstakarar.

Arbeidstilsynet har 567 tilsette. Etaten skal føre tilsyn med at om lag 240 000 verksemdar følgjer krava i arbeidsmiljølova og tilhøyrande regelverk. Arbeidstilsynet er bygd opp av eit

direktorat og sju regionar med tilsynskontor spreidde over heile landet. Direktoratet ligg i Trondheim.

Arbeidstilsynets visjon er å bidra til å skape eit godt arbeidsliv for alle, gjennom å vere ein kompetent, solid og synleg tilsynsetat.

Informasjon og rettleiing

NETT, SVARTENESTE OG INFOBROSJYRAR

I 2009 hadde arbeidstilsynet.no 1,7 millionar besøk. Dei mest populære sidene var regelverkssidene og faktasidene. Faktasidene, som no tel fleire enn 65, er temabaserte. Arbeidstilsynet har via arbeidstilsynet.no formidla mange nyheiter om arbeidsmiljø, i hovudsak gjennom nyheitsbrevet. Nyheitsbrevet blei sendt ut til over 9000 abonnentar kvar veke.

Arbeidstilsynet arbeider kontinuerleg med å sjå telefonar til svartenesta i samband med nettsidene, slik at nettsidene i større grad skal kunne avlaste svartenesta. Svartenesta til

Arbeidstilsynet spelar ei sentral rolle som ekstern kunnskapsformidlar og tok imot om lag 88 000 telefonar og e-postar om arbeidsmiljøforhold i 2009. Alle rådgivarane i svartenesta er drilla på å ha oversikt over alle slags arbeidsmiljøspørsmål. Rådgivarane veit aldri kva for tema innringjaren vil spørje om. I tillegg skal dei fort ta stilling til om saka høyrer inn under regelverket eller er regulert av avtalar mellom partane i arbeidslivet. Spørsmåla kan òg liggje i grenselandet mot andre styresmakter. Ofte vil det vere korrekt å vise innringjarane til andre tilsynsstyresmakter.

Arbeidstilsynet har via forlaget Gyldendal sendt ut om lag 79 000 publikasjonar

til sjølvkost. I tillegg kjem gratis-publikasjonane og publikasjonane som blir delte ut ved tilsyn og frå region- og tilsynskontora.

KUNNSKAPSFORMIDLING OG PREMISSELEVERANDØR TIL MEDIA

Mykje av kunnskapsformidlinga skjer òg gjennom mediearbeid. Om lag 6400 presseklipp frå norske nettmedium syner at Arbeidstilsynet er ein etat som er synleg i det norske samfunnet. Artiklar frå fagbladet Gjennom fagbladet Arbeidervern har ein satt mange viktige arbeidsmiljøutfordringar på dagsorden.



Etaten skal føre tilsyn med at om lag 240 000 verksemdar følgjer krava i arbeidsmiljølova og tilhøyrande regelverk.

Beskyttar seg mot smittefare

Karane som arbeider med vatn og avløp i Vestby kommune veit godt at dei har ein jobb som krev at dei er nøyaktige og påpasselege for å unngå sjukdom. Etter påtrykk frå Arbeidstilsynet legg kommunen no betre til rette for smittevern.



Kloakk inneheld smittestoff og endotoksin som kan gjere at avløpsarbeidarane blir sjuke. Arbeidsgivaren skal etter å ha rådført seg med bedriftshelse-tenesta, sørge for arbeidsrutinar som reduserer risikoen for smitte. Alle tilsette skal òg få kunnskap som gjer dei i stand til sjølve å førebyggje smitte.

– Det som går i do, hamnar i avløpsvatnet. Vi sørger for at avløpet er ope, og at det blir ført fram dit det skal. I denne jobben seier det seg sjølv at vi kjem borti både smittestoff som finst i vatnet, og giftige gassar som dannar seg i kloakken. Derfor må vi vere nøye med å bruke verneutstyr, og vi må vaske hendene oftare enn dei fleste andre. Det er Ragnar Eriksen, John Kronbäck og Gunnar Nyland, som alle arbeider med vatn og avløp i Vestby kommune, som fortel dette.

TENKTE IKKJE SÅ LANGT

Før Arbeidstilsynet inspiserte avløpsanlegga i Vestby kommune, var det ingen teikn til at kommunen som arbeidsgivar hadde vurdert helsefaren til dei som arbeidde med avløpsvatn, slik lova krev. Langt mindre var det teikn til konkrete planar for å gjere ein eventuell smittefare minimal. Arbeidsgivaren hadde heller ikkje sørgt for å lære opp arbeidstakarane slik at dei kunne ta vare på si eiga helse.

– Det er ein openberr risiko i samband med dette arbeidet, men ingen av dei som er tilsette hos oss, er nokon gong blitt sjuke. Vi må berre innrømme at vi rett og slett ikkje har tenkt på dette, seier driftssjef Arne Kristian Sogn i Vestby kommune. No begynner vi omsider å få system på arbeidsmiljøet, men vi måtte altså få pålegg frå Arbeidstilsynet først, seier han.

Smittefare krev ganske spesiell kompetanse, noko verksemda sjølv sjeldan har.

I Vestby kommune har dei gitt bedriftshelsetenesta konkrete oppdrag som dei har løyst, til dømes vaksinasjonar og opplæring av dei tilsette i smittevern. – Ut over dette har vi nok ikkje trekt på denne kompetansen, seier Sogn.

No begynner vi omsider å få system på arbeidsmiljøet, men vi måtte altså få pålegg frå Arbeidstilsynet først.

SKAL VERNAST MOT SMITTE

Pumpestasjonane skal haldast ved like. Nokre av dei er nye og konstruerte slik at alt kan styrast frå utsida, mens dei eldre stasjonane krev meir nærkontakt

med vatnet. Her må sjølve pumpa heisast opp frå kummen, eller "sumpa", som dei kallar han. Når pumpa heng, skal ho høgtrykkspylast. Mikroskopiske dropar held seg svevande i lufta lenge etter at spylinga er over. Då er det lett å puste inn smittestoff som virus eller bakteriar, og det er nødvendig å beskytte seg.

Avløpsarbeidarar, anten det er driftsoperatørar på eit reinseanlegg eller avløpsarbeidarar i ein kommune, skal ha ein arbeidsplass som er lagd til rette for vern mot smitte. Arbeidsgivaren har ansvaret for at ingen blir infisert på grunn av tilhøva på arbeidsplassen. Avløpsarbeidaren skal etter lova følgje opp dei tiltaka arbeidsgivaren legg opp til, og han eller ho skal vere nøyen med den personlege hygien for å halde smitte på avstand.

GARDEROBESMITTE

Avløpsgjengen er altså klar over at dei skal vere påpasselege med ikkje å spreie smitte. Derfor tek dei ikkje med seg arbeidstøy heim, og arbeidsgivaren sørgjer for å få vaska arbeidsklede.

Dei har to garderobeskap kvar, eitt for reine klede og eitt for skitne. Haken med det heile har vore at skapa står ved sida av kvarandre, utan skilje mellom rein og skiten sone. Andre driftsarbeidarar i kommunen skifter i den same garderoben og er blitt utsette for smittefare utan å ha arbeidsoppgåver som krev spesielle tiltak.

Dette er no, etter at Arbeidstilsynet har vore på kontroll, i ferd med å bli retta opp. Driftsarbeidarane i Vestby skal ikkje lenger ha nokon grunn til å frykte smitte på grunn av garderobeforholda.

Avløpsvatnet inneheld ikkje bare smittestoff, det produserer også giftig gass. Vemeombod Ragnar Eriksen har på seg eingangsklede når han måler gass før eventuell nedstigning i den djupe, skitne og mørke kummen kor kloakken flyt i bunnen.

VISSTE DU AT:

- Dei som arbeider med avløpsvatn, er sjuke i lengre periodar enn arbeidstakarar med andre oppgåver.
- Alle som arbeider med avløpsvatn, skal vere vaksinerte mot polio, hepatitt A og stivkrampe.
- Smittestoff og endotoksin kjem inn i kroppen gjennom luftvegane, gjennom rifter og sår i huda eller gjennom slimhinnene i kroppen. Endotoksin er sterke giftstoff som opphavleg har vore ein del av ei bakteriecelle, og som etter inhalasjon kan gi helseskadar, til dømes luftvegsirritasjon, tette luftvegar og feberanfall.



Betre kjemi

Arbeidstilsynet skal i perioden 2008–2011 arbeide for at risikoen for å bli sjuk eller skadd av kjemikalier eller biologiske faktorar på jobben, skal reduserast betydeleg.

Det nasjonale prosjektet "Betre kjemi" er Arbeidstilsynet sitt hovudprosjekt innanfor kjemisk og biologisk helsefare. Om Arbeidstilsynet sitt besøk i Vestby kommune seier prosjektleiar i "Betre kjemi", Gry Koller, at det er svært viktig å ha gode rutinar for personleg hygiene.

– Det er viktig å beskytte seg mot sjukdom og smitte. På ein arbeidsplass der dei handterer avløpsvatn, er det også heilt nødvendig med kunnskap og opplæring av driftsoperatørar i jobben dei skal gjere. Her har arbeidsgivaren eit viktig ansvar, seier Koller.

I prosjektet "Betre kjemi" blei det gjennomført 787 tilsyn i 2009. Det blei gitt reaksjonar til 628 av verksemdene og til saman 2783 påleggspunkt. Utvalde bransjar var mekanisk industri med temaet varmt arbeid, bakeri med temaet mjølallergi, avløp med temaet kjemikalier, og smittevern og laboratorium med temaet kjemisk helsefare.

– Innanfor mekanisk industri blei det gjennomført 600 tilsyn, og det blei avdekt manglar innanfor kartlegging, risikovurdering, handlingsplan, eksponerings-/vurderingskontroll, informasjon

til tilsette og bruk av BHT. Tilsyna i dei to andre bransjane held fram til høvesvis mars og oktober 2010, fortel Koller.

I 2010 og 2011 står også desse bransjane for tur:

- Bergverk, med hovudvekt på silikose og KOLS (kronisk obstruktiv lungesjukdom)
- Oljeservicenæringa, med hovudvekt på hud- og lungelidingar
- Smådyrveterinærar, med hovudvekt på ioniserande stråling, kjemikaliebruk og biologisk helsefare
- Asbestsaneringsfirma, for å førebyggje langtidsskadar
- Frisørar, med hovudvekt på nytt krav om godkjend bedriftshelseteneste og ventilasjon

Målet er at etter besøk frå Arbeidstilsynet skal verksemdene

- ha ei risikovurdering for kjemisk helsefare
- ha ein tidfesta handlingsplan for kjemisk helsefare basert på ei risikovurdering
- ha gjennomført opplæring av dei tilsette i kjemisk helsefare

- ha knytt seg til godkjend bedriftshelseteneste
- ha vurdert om ein kan erstatte helsefarlege kjemikalier med kjemikalier som er mindre helsefarlege
- ha utført målingar av luftforureininga i arbeidsatmosfæren når dette er relevant

ARBEIDSTILSYNET HAR SOM MÅL...



...at talet på verksemdar som arbeider systematisk for å førebyggje og varig redusere risikoen for å bli sjuk eller skadd av støy og kjemisk og biologisk eksponering på arbeidsplassen, skal auke (Strategisk plan for Arbeidstilsynet 2008–2011).

VISSTE DU AT:

- kjemisk og biologisk eksponering kan føre til alvorlege helseskadar og kan over tid resultere i invaliditet og død.
- arbeidsrelatert støy kan føre til alvorlege helseproblem. I tillegg til nedsett høyrsel kan konsekvensane av støy vere arbeidsrelatert stress og høgare ulykkesrisiko.

Plikt til å knyte til seg godkjend bedriftshelseteneste

– Ei ny godkjenningsordning vil gjere bedriftshelsetenesta enda betre som verkemiddel i arbeidet for eit godt og inkluderande arbeidsmiljø, sa dåverande statsråd i Arbeidsdepartementet, Dag Terje Andersen.

Frå 1. januar 2010 må åtte nye bransjar knyte til seg bedriftshelseteneste (BHT). Om lag 600 000 arbeidstakarar er sysselsette i dei nye bransjane. Eit nytt krav er dessutan at bedriftshelsetenesta må vere godkjend av Arbeidstilsynet.

Hallgerd Sjøvoll, som til vanleg er tilsynsleiar i Arbeidstilsynet Nord-Noreg, fekk prosjektleiaroppgåva med å førebu både verksemder, bedriftshelsetenestene og ikkje minst tilsette i Arbeidstilsynet på det nye regelverket.

– I 2009 har vi arbeidd med å leggje til rette for innføringa av dei to nye forskriftene. Mellom anna har vi utarbeidd kommentarar til begge forskriftene. Kommentaran inneheld djupare informasjon om forskriftene og er nyttige verkty for både verksemdene og bedriftshelsetenestene, fortel Sjøvoll.

Arbeidstilsynet fekk i tillegg ansvar for godkjenning av bedriftshelsetenestene. Eit godkjenningskontor blei oppretta, og det er lagt til Arbeidstilsynet sitt regionkontor i Skien. Kontoret er operativt frå 1. januar 2010, med fire saksbehandlarar, ein jurist og tre BHT-faglege stillingar.

– Både nye og gamle bransjar med plikt til bedriftshelseteneste har fått informasjon om det nye regelverket, det same har bedriftshelsetenestene. Vi har òg hatt eit nært samarbeid med STAMI sitt fagsekretariat for bedriftshelseteneste. STAMI har i tillegg vore ein viktig informasjonskanal mot bedriftshelsetenestene, seier prosjektleiaren.

OPPLÆRING INTERNT ER VIKTIG EKSTERNT

Alle regionar innanfor Arbeidstilsynet og svartenesta til Arbeidstilsynet har

hatt regionkontaktane sine aktivt med i prosjektet, noko som har gjort at informasjon er spreidd til bransjar, verksemder og BHT-er.

– Denne organiseringa har også i stor grad gjort at det har vore lagt vekt på BHT-arbeidet i etaten, noko som er heilt avgjerande for at endringane i regelverket skal få den ønskede effekten i arbeidslivet, seier Hallgerd Sjøvoll.

Arbeidstilsynet sette i slutten av 2009 i gang eit nytt prosjekt, som arbeider vidare med å informere om ordninga i 2010. I tillegg startar tilsyna opp. Det er sett opp eit mål om at BHT skal vere tema i alle tilsyn frå 1. januar 2010 i verksemder som har plikt til å vere tilknytte BHT.

NYE BRANSJAR

Dei nye bransjane er: helse- og sosialsektoren, undervisning, fiskeoppdrett og klekkeri, gjenvinning, vakttenester, frisørbransjen, kraft- og vassforsyning og tekoindustrien.

BRUK AV BHT

Arbeidsgivar skal sørge for at bedriftshelsetenesta hjelper til med:

- kartlegging av arbeidsmiljøet, undersøking av arbeidsplassar og arbeidsprosessar, og vurdere risiko for helsefare.
- å fremje forslag om førebyggjande tiltak
- overvaking og kontroll av arbeidstakarane helse
- individuell tilrettelegging
- informasjon og opplæring
- å svare på spørsmål frå arbeidstakarar, verneombod og arbeidsmiljøutval.

Dei nye bransjane er: helse- og sosialsektoren, undervisning, fiskeoppdrett og klekkeri, gjenvinning, vakttenester, frisørbransjen, kraft- og vassforsyning og tekoindustrien.

GODKJENNINGSORDNING

Ordninga inneber at alle verksemder som har plikt til å ha bedriftshelseteneste, må bruke ei godkjend ordning. Det blir også stilt tydelegare krav til korleis verksemda skal nytte den godkjende bedriftshelsetenesta.

For å bli godkjende må bedriftshelsetenestene minst ha den tverrfaglege kompetansen og det volumet som er nødvendig for å hjelpe verksemdene i arbeidet med god førebygging og inkludering. Ein finn nærmare informasjon om krava til kompetanse hos BHT på www.arbeidstilsynet.no/BHT.

Ei liste over godkjende BHT-er ligg på www.arbeidstilsynet.no/bhtreg. I lista kan ein sjå kven som har søkt, og status for søknaden.



Helse- og sosialsektoren skal frå 1. januar 2010 vere tilknytte godkjend bedriftshelseteneste.




Uro for nanopartiklar

Det er store forventingar til nanoteknologien og kva denne teknologien kan brukast til. Men foreløpig veit vi lite om kva for konsekvensar nanomateriale som har komme på avvegar i menneske eller i naturen, kan ha. Eit nytt partssamansett prosjekt skal blant anna kartlegge omfanget av produksjon og bruk av nanoteknologi i Noreg.

Det er behov for å vite meir om kva for eigenskapar ved dei ulike gruppene av nanomateriale som potensielt kan gi helseplager hos arbeidstakarar. Det er mistanke om at enkelte nanomateriale kan vere årsak til astma, KOLS og til og med kreft, men det er enno ikkje påvist hos menneske. Forsking på moglege negative biologiske effektar av nanopartiklar heng langt etter forskinga på stadig nye bruksområde for nanomateriale.

– Då asbesten kom, var det sett på som eit svært godt byggjemateriale, men ein visste ikkje at asbestfibrar på avvegar kunne vere skadelege, og at ein burde beskytte seg når ein arbeidde med det. Det er viktig at vi rettleier verksemdar og arbeidstakarar som kjem i kontakt med enkelte typar syntetiske nanomateriale, på ein god måte. Det gjeld særleg dei som arbeider med frie nanopartiklar, som ein spesielt mistenkjer kan gi negative helseeffektar ved eksponering, seier seniorrådgivar Astrid Lund Ramstad i Direktoratet for arbeidstilsynet.

Arbeidstilsynet ønskjer no å bidra til å intensivere HMS-arbeidet i forskningslaboratorium, gryande produksjonslokale og i samband med arbeid med og handtering av avfall frå nanomateriale.



NY FAGGRUPPE ETABLERT

For å få betre kunnskap om nanoteknologi i eit arbeidsmiljøperspektiv blei det vinteren 2009 etablert ei faggruppe for overvaking av arbeidshelserelaterte aspekt ved nanoteknologien. Nano-gruppa består av STAMI, Arbeidstilsynet og Produktregisteret. Gruppa skal

mellom anna følgje med i nasjonal og internasjonal forskning og utvikling på området nanoteknologi, spesielt når det gjeld moglege negative helseeffektar av nanomateriale på arbeidstakarar.

Gruppa skal utarbeide og oppdatere ei oversikt over både nasjonalt og internasjonalt regelverk som er relevant for nanoteknologisk arbeid, med spesiell vekt på helsemessige aspekt for arbeidstakarar som kjem i kontakt med nanomateriale. I tillegg skal ei regelverksgruppe med utspring i Nanogruppa sjå på om det er nødvendig å utarbeide ei eiga norsk nanoforskrift.

– Det er ei viktig oppgåve å identifisere behovet for kunnskap om kva som må gjerast for å sikre arbeidsmiljøet og helsa til arbeidstakarar som produserer, bruker eller handterer nanomateriale og nanopartiklar, seier Lund Ramstad, som er med i Nanogruppa.

AKTIVT PARTSSAMARBEID

Kartlegging av omfanget av produksjon, import og bruk av nanoteknologiske produkt i Noreg er ein del av mandatet til Nanogruppa. Eit partssamansett prosjekt, Nanoprojektet, er etablert for å gjennomføre ei slik kartlegging. Det er Arbeidstilsynet som leier prosjektet, og det består i tillegg av representantar frå LO, Norsk industri, STAMI og Produktregisteret.

« Det er mistanke om at enkelte nanomateriale kan vere årsak til astma, KOLS og til og med kreft.

– I januar 2010 blir det sendt ut ei spørjeundersøking til eit utval verksemdar (industri og forskingsmiljø) som vi går ut frå har aktivitetar som involverer

nanoteknologi. Data frå kartlegginga vil gi ei viktig oversikt over kva for miljø som arbeider med dette, kven som arbeider der, og kva slags nanomateriale og mengder av slikt materiale dei kjem i kontakt med. I tillegg blir det utarbeidd kvantitative oversikter over produksjon, import, tilarbeiding og bruk av stoff og produkt der nanomateriale inngår, seier prosjektleiaren Lund Ramstad. Resultata blir publiserte våren 2010.

Tilsvarande kartleggingar har vore gjennomførte i fleire europeiske land og i USA. Det er svært viktig også i Noreg å få kunnskap om kva for miljø som arbeider innanfor feltet nanoteknologi, og kva for stoff og produkt, og mengdene av dei, som blir importerte, nytta og produserte. Dette gjeld både nærings- og arbeidslivet og forskingsmiljøa.

NANOTEKNOLOGI OG NANOMATERIALE

Nanoteknologi er tverrfagleg og involverer kjemi, biologi, medisin, fysikk, elektronikk, optikk og IKT. Teknologien gjeld ei teknisk framstilling og manipulering av materiale på atomnivå, som gjer det mogleg å framstille materiale som er definerte ut frå storleik, der minst ein dimensjon må vere i storleiksorden 1–100 nanometer (nm = milliarddels meter, på storleik med eit virus), derfor nemninga nanomateriale. For nanopartiklar gjeld at materialet er i tre dimensjonar opptil 100 nm.

Nanomateriale kan behandlast teknisk og kjemisk på ulike måtar for å få fram nye ønskete eigenskapar samanlikna med større partiklar på mikronivå med lik kjemisk samansetjing. Dei ønskete eigenskapane kan vere uønskete frå eit arbeidsmiljø- og helsesynspunkt.



Astrid Lund Ramstad i Arbeidstilsynet meiner det er ei viktig oppgåve å sjå på kva som må gjerast for å sikre arbeidsmiljøet og helsa til arbeidstakarar som er i kontakt med nanomateriale og nanopartiklar.

Innsatsen mot sosial dumping fortsetter

Finanskrisa i 2009 førte til færre arbeidsplassar i byggenæringa. Samtidig konstaterte Arbeidstilsynet fleire grove tilfeller av sosial dumping.

Arbeidstilsynet har i 2009 halde fram med innsatsen for å førebyggje sosial dumping. Alle arbeidstakarar skal ha lovlege arbeids-, lønns- og tilsetjingsvilkår. Arbeidstilsynet har hatt flest tilsyn i byggebransjen, men har òg gjennomført tilsyn innanfor verftsindustrien, landbruk, transport, reinhald og hotell og restaurant.

Ved inngangen til 2009 registrerte Arbeidstilsynet ein nedgang i behovet for bruk av stansing som pressmiddel og ei halvering av talet på politimeldingar. Dette var oppfatta som eit teikn på ei positiv utvikling i byggebransjen. Men tilsyn i mai 2009 avdekte døme som kunne tyde på ei forverring av arbeidstilhøva i delar av bransjen. Den negative utviklinga blei stadfesta ved kontrollane hausten 2009.

Tilsynet avdekte utover i 2009 fleire alvorlege enkelttilfelle av sosial dumping i den uorganiserte og private delen av bransjen, men etaten har ikkje tal som dokumenterer at det var meir sosial dumping i byggebransjen i 2009 enn tidlegare. Om dei alvorlege enkeltsakene inspektørane avdekte, er teikn på at den positive utviklinga i bransjen har stogga, eller om dei er utslag av tilfeldige svingingar, vil utviklinga i 2010 vise. Arbeidstilsynet følgjer den vidare utviklinga i bransjen tett.

MANGE TILSYN OG STRENG REAKSJONS PRAKSIS

For å få bukt med sosial dumping har Arbeidstilsynet i 2009 gjennomført mange tilsyn og har hatt streng reaksjonspraksis. Dette for å motverke at useriøse

aktørar får fotfeste i norsk arbeidsliv. Det er òg formidla informasjon til arbeidsinnvandrarar på deira eige språk. I gjennomsnitt har to av tre kontrollerte verksemder fått pålegg.

OPPFØLGING AV NYTT REGELVERK

Hausten 2009 starta Arbeidstilsynet tilsyn med at alle bemanningsføretak er lovleg registrerte. I løpet av 2009 ser det ut til at dei aller fleste bemanningsføretaka er registrert hos Arbeidstilsynet. Etaten planlegg auka kontrollaktivitet etter denne forskrifta i 2010, innanfor både byggjebransjen, reinhald, overnatting og servering, og innanfor transport.

Alle arbeidstakarar skal ha lovlege arbeids-, lønns- og tilsetjingsvilkår.

I 2009 har etaten hatt som mål å kontrollere at arbeidsgivaren følgjer opp allmenngjeringsforskrifta, og informere om solidaransvar for oppdragsgivarar i byggebransjen. Solidaransvaret gjeld frå 01.01.2010. Oppdragsgivaren er ansvarleg for den plikta oppdragstakarane nedover i ei kontraktstjeda har til å betale lønn og overtidsgodtgjersle etter allmenngjeringsforskrifter og feriepengar etter ferielova. Tilsynet i 2009, mellom anna med offentlege byggherrar, avdekte at informasjonsplikta stort sett var oppfylt mellom tingarar og hovudleverandørar, men i mindre grad nedover i kontraktstjeda.

Arbeidstilsynet har informert om den nye forskrifta om solidaransvar på etaten sine nettsider. I 2010 vil Arbeidstilsynet prioritere å kontrollere at regelverket om påsjåplikt og solidaransvar for oppdragsgivarar blir følgt opp, ikkje minst av offentlege byggherrar.

SAMARBEID MED ANDRE

På satsingsområdet sosial dumping tek Arbeidstilsynet del i eit breitt samarbeid med partane i arbeidslivet og med bransjeorganisasjonane.

Døme på eit nyttig samarbeid med andre etatar er tilsynssamarbeidet som har vakse fram lokalt i fleire regionar mellom Arbeidstilsynet og Skatteetaten. I mange høve er det ein samanheng mellom sosial dumping og svart økonomi, og eit samarbeid om både utveksling av opplysningar og koordinering av kontrollar er nødvendig for gode resultat.

ARBEIDSTILSYNET HAR SOM MÅL...



...at alle arbeidstakarar i Noreg skal ha lovlege arbeidsforhold (*Strategisk plan for Arbeidstilsynet 2008–2011*).

VISSTE DU AT:

- arbeidsinnvandrarar og utanlandske arbeidstakarar blir ofte utsette for ulovlege arbeidsforhold i Noreg.
- Arbeidstilsynet har ein streng reaksjonspraksis for å hindre at useriøse aktørar får fotfeste.



EIT ÅR MED REGISTRERINGSPLIKT FOR BEMANNINGSFØRETAK

Forskrifta om obligatorisk melde- og registreringsordning for bemanningsføretak som leiger ut arbeidskraft i Noreg, tok til å gjelde 1. januar 2009, og føretaka fekk frist til 1. mars med å registrere verksemda si hos Arbeidstilsynet. Bemanningsføretak som ikkje er registrerte, driv ulovleg utleige.

VISSTE DU AT:

- Per 31.12.2009 var det 1847 registrerte bemanningsføretak. Av desse var 249 utanlandske føretak.
- Alle som leiger inn arbeidskraft, kan enkelt gå inn på nettsidene til Arbeidstilsynet og finne ut kva for vikarbyrå det er lovleg å leige arbeidskraft hos.
- I løpet av 2009 ser det ut til at dei aller fleste bemanningsføretaka er lagde inn i registeret. Arbeidstilsynet reknar med at dei få som ikkje har registrert seg, i det alt vesentlege høyrer til den useriøse delen av bransjen, eller at dei er utanlandske firma som startar oppdrag i Noreg.
- Utanom norske vikarbyrå er det flest bemanningsføretak frå Storbritannia, Polen, Litauen, Sverige og Danmark som har registrert verksemda si hos Arbeidstilsynet.

Dei fleste i byggjenæringa har ID-kort

Rundt 260 000 personar har fått ID-kort sidan ordninga tok til å gjelde i 2008. Ordninga med ID-kort er med på å gjere byggjenæringa meir ryddig og legg grunnlaget for betre og lovlege arbeidsforhold i bransjen.

I løpet av 2009 er ID-kort blitt ei etablert ordning i byggjenæringa. Mange byggherrar og norske entreprenørar stiller krav om ID-kort for å gi oppdrag til underentreprenørar. Kravet til ID-kort tek utgangspunkt i at opplysningar er korrekt registrerte i lovpålagde offentlege register. Ordninga reduserer risikoen for økonomisk misleghald i form av svart arbeid, ulovleg bruk av utanlandske arbeidstakarar og sosial dumping. På denne måten er ID-kort med på å gjere byggjenæringa meir seriøs.

– Korrekt registrering av bedriftene i Noreg og lovlege lønns- og arbeidsvilkår for arbeidstakarane er utgangspunktet

for å kunne drive eit systematisk helse- og ulykkesførebyggjande arbeid på byggeplassane, seier regiondirektør i Arbeidstilsynet Ørnulf Halmrast.

Ved inngangen til 2009 observerte Arbeidstilsynet ein nedgang i talet på bedrifter utan ID-kort. I løpet av året er det igjen meldt frå om at fleire er utan ID-kort. Dette set Arbeidstilsynet i samband med indikasjonar på ein vekst i den svarte økonomien og useriøs aktivitet.

MISBRUK AV ID-KORT

Arbeidstilsynet ser også at ID-kort blir brukte av arbeidstakarar etter at

arbeidsforholdet er avslutta.

– Vi har møtt på arbeidstakarar med ID-kort frå andre bedrifter enn den dei arbeider for og som har oppdraget på den aktuelle byggeplassen. Ei utvikling med aukande misbruk av ID-kort vil bli følgd nøye av Arbeidstilsynet, seier Halmrast.

GYLDIG I TO ÅR

Eit ID-kort er gyldig i to år, så lenge arbeidstakaren ikkje endrar arbeidsforholdet i denne perioden. Ettersom ordninga no er to år gammal, førebur Arbeidstilsynet seg på auka pågang med spørsmål om korleis bedriftene skal gå fram for å få nye kort.

« Ei utvikling med aukande misbruk av ID-kort vil bli følgd nøye av Arbeidstilsynet.



Nøgde brukarar av Servicesenteret for utanlandske arbeidstakarar

Første oktober 2009 opna Servicesenteret for utanlandske arbeidstakarar i Kirkenes, og månaden etter opna eit tilsvarande senter i Stavanger. Servicesenteret i Oslo blei opna hausten 2007, og melder om stadig fleire besøkjande og svært tilfredse brukarar.

Servicesentra for utanlandske arbeidstakarar er eit samarbeid mellom Arbeidstilsynet, politiet, Skatteetaten og Utlendingsdirektoratet (UDI). Her får arbeidsgivarar og arbeidstakarar rettledning om arbeidsvilkår i Noreg, i tillegg til rask saksbehandling av søknader.

– Arbeidstilsynet si oppgave på servicesenteret er å gi informasjon om rettar og plikter i norsk arbeidsliv. Det er viktig at utanlandske arbeidstakarar får kunnskap om kva for reglar som gjeld, og kva for rettar og plikter som følgjer med eit arbeidsforhold i Noreg. Slik kan vi hjelpe til med å førebyggje sosial dumping, sa direktør Ingrid Finboe Svendsen i Arbeidstilsynet då dei to nye sentra blei opna.

STADIG FLEIRE

Servicesenteret i Oslo hadde over 67 700 besøkjande i 2009. Det er ein auke på nesten fire prosent frå 2008. Ei brukarundersøking ved servicesenteret i Oslo viste at 94 prosent av dei som blei spurde, opplevde å ha fått god service. Brukarane gav tilbakemelding om god rettledning på eit språk dei kunne forstå, og dei var nøgde med den raske saksbehandlinga. Utanlandske arbeidstakarar har eit stort informasjonsbehov om regelverket og om korleis systemet fungerer i Noreg. Boka "Ny i Norge" som Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) har ansvar for, og som blei lansert

på servicesenteret i september, er blitt godt motteken av brukarane av servicesentra.

FRAMLEIS FLEST FRÅ POLEN

Arbeidsinnvandrarar frå Polen har også i 2009 vore den største brukargruppa på senteret, deretter følgjer statsborgarar frå Litauen og Tyskland. Dei fleste arbeider innanfor bygg- og anleggsbransjen, transportsektoren, helsesektoren eller reinhaldsbransjen.

Arbeidstilsynet får flest spørsmål om arbeidskontraktar og utbetaling av lønn.

Det har òg vore ein auke av spørsmål om permitteringar og oppseiing. Dei fleste av dei som har kontakta Arbeidstilsynet, arbeider i byggje- og anleggsbransjen, eller innanfor reinhalds- eller restaurantbransjen.

Arbeidstilsynet får mange tips om uverdige arbeidsforhold og følgjer opp med kontroll. Sosial dumping og svart økonomi heng ofte saman, og det blir fanga opp mykje informasjon om useriøse verksemdar gjennom samarbeidet mellom dei ulike etatane på servicesentra.



Opning av Servicesenteret i Kirkenes. Frå venstre regiondirektør Truls Johannesen i Arbeidstilsynet Nord-Noreg, senterleiar Wenche Henninen, regiondirektør Rolf Kåre Jensen i Skatt Nord og assisterande avdelingsdirektør i UDI, Christine Wilberg Poulsson.

Skaper tryggleik i verksemdene

I 2009 har Arbeidstilsynet gjennomført 774 tilsyn der inspektørane har sett på korleis verksemdene handterer og førebyggjer vald og truslar. – Det kan få alvorlege konsekvensar for dei tilsette dersom dei ikkje veit korleis trusselsituasjonar skal handterast, seier Annik Apall Austad i Arbeidstilsynet.



Personar som arbeider åleine eller har kvelds- og nattarbeid er spesielt utsette for vald og truslar. Derfor har Arbeidstilsynet gjennomført tilsyn blant anna ved bensinstasjonar og kioskar.

Ho er prosjektleiar for Arbeidstilsynet sin tilsynsaksjon når det gjeld temaet vald og truslar. Stadig fleire blir utsette for vald og truslar på jobb, og slike hendingar kan gi store helseplager for den enkelte tilsette. Det er viktig at verksemdar har konkrete tiltak for å førebyggje og handtere vald og trusselsituasjonar. – I alle bransjane vi har besøkt, er vald og truslar ein relevant arbeidsmiljøfaktor,

og vi ser at tilsyna har vore viktige, seier Austad.

Arbeidstilsynet har valt ut verksemdar etter risikoutsette situasjonar. Personar som arbeider åleine, har kvelds- og nattarbeid, arbeider opp mot publikum, klientar, pasientar og brukarar eller arbeider med verdisaker og pengar, er oftare utsette for vald og truslar enn

andre. Derfor er tilsyna blitt gjennomførte på stader som til dømes kioskar, bensinstasjonar, nattklubbar, postkontor, gullsmedar, busselskap, legevakter og kasesenter.

NOKRE ERFARINGAR

Det er gitt 776 reaksjonar, fordelte på 462 verksemdar, knytte til manglar eller behov for forbetringar i det systematiske

NY RETTLEIAR OM VALD OG TRUSLAR

Arbeidsgivaren har ansvar for at arbeidstakarane så langt det er mogleg, er beskytta mot vald, truslar og uheldige belastningar. Arbeidsgivaren har ansvar for å førebyggje, handtere og følgje opp vald og truslar gjennom eit kontinuerleg og systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid (HMS-arbeid).

Arbeidstilsynet har i 2009 utarbeidd ein ny rettleiar om vald og truslar. Rettleiaren skal vere eit verktyg i arbeidet med å førebyggje og handtere vald og truslar på arbeidsplassen. Han inneheld ei utgreiing av problemområdet og gir konkrete råd om førebygging, handtering og oppfølging. Målgruppa er arbeidsgivarar, men rettleiaren er like aktuell for arbeidstakarar, verneombod, tillitsvalde og bedriftshelsetenesta.

Rettleiaren kan bestillast på www.arbeidstilsynet.no.

helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet. Det er òg forskjell mellom bransjane.

– Verksemdar som høyrer inn under store konsern, til dømes bank, post, kioskar, bensinstasjonar og butikkjeder, har ein tendens til å lene seg litt i overkant mykje på det sentrale systemet. Mange arbeider for lite med lokal risikokartlegging, med tilhøyrande handlingsplan på lokalt nivå. Det fører òg til at det er liten medverknad frå verneombodet på dette området. Vi ser òg eit forbettringspotensial når det gjeld opplæring. Arbeidsgivaren må ha oversikt over kven som har fått opplæring, og når, seier Austad.

– Når det gjeld små verksemdar, til dømes innanfor utelivsbransjen, varehandelen og helsesektoren (helsesenter, legevakt), finn vi at HMS-systema ofte er mangelfulle eller er heilt fråverande. Dei aller fleste har fysiske tiltak som alarm og kamera på plass, men dokumentasjon og kommunikasjon til dei

tilsette om korleis dei kan førebyggje og handtere vald og truslar, kan absolutt bli betre.

Ein viktig føresetnad for at eit HMS-system skal fungere, er at det er eigna, og at det er levande i verksemda. – Mange stader kan systemet vere på plass, men det systematiske arbeidet er fråverande, seier Austad.

Helse- og sosialtenesta lever med denne problematikken kvar dag, og her er det mange som har gjort ein god jobb for å førebyggje vald og truslar på sin institusjon, i sin bufellesskap eller i heimetenesta. Men Austad kan fortelje at også blant desse er det mange som har fått pålegg.

RISIKOFAKTORAR

Ei erfaring er at tids- og arbeidspress kan føre til at planlagde tiltak mot vald og truslar ikkje blir gjennomførte. Organisatoriske arbeidsforhold som har vist seg å vere viktige for å førebyggje vald og truslar, er skriftlege rutinar, tilstrekkeleg bemanning, medverknad og opplæring.

Arbeidstilsynet har òg lagt vekt på å auke forståinga for at vald og truslar både kan gi muskel- og skjelettplager og psykiske plager.

– Ei valdshending kan opplagt føre til fysisk skade på kroppen, men også truslar kan gi fysiske konsekvensar. Psykiske reaksjonar kan òg manifestere seg i form av fysiske plager. Dette fører til store kostnader for samfunnet, verksemdene og dei arbeidstakarane som blir ramma.

– Uheldige arbeidsmiljøbelastningar som vald og truslar kan førebyggjast ved at arbeidet blir organisert og lagt til rette på ein slik måte at risiko knytte til arbeidsforholda blir reduserte, seier ho.

VIKTIG RETTLEIINGSARBEID

Mange verksemdar har vore fornøgde med tilsynet.

– Dei er gjennomgåande fornøgde med

rettleiinga og det materiellet som blir delt ut. Tilbakemeldinga er at dei no har forstått at dette er viktig arbeid for verksemda, og at det må ha prioritet. Eg tolkar det slik at dei meiner dei no er betre i stand til å ta vare på sitt eige arbeidsmiljø.

Det er viktig at verksemdar har konkrete tiltak for å førebyggje og handtere vald og trusselsituasjonar.

Inspektørane har hatt ein god del rettlemingsmaterieil som dei har teke med ut i verksemdene. Tidleg i prosjektet blei det utarbeidd eit faktaark om vald og truslar, og hausten 2009 blei rettleiaren om vald og truslar klar. – Dette er nyttige verktyg som verksemda kan bruke i det førebyggjande arbeidet, avsluttar Austad.

ARBEIDSTILSYNET HAR SOM MÅL...



...at talet på verksemdar som arbeider systematisk for å førebyggje arbeidsrelaterte og uheldige psykiske belastningar, skal auke (*Strategisk plan for Arbeidstilsynet 2008–2011*).

VISSTE DU AT:

- arbeidsrelaterte psykiske belastningar og muskel- og skjelettplager har samanheng med psykososiale og organisatoriske forhold. Årsakssamanhengane er samansette.
- uheldige organisatoriske og psykososiale forhold er den dominerande årsaka til sjukdom og utstøytning frå arbeidslivet.

Rett start for unge arbeidstakarar

I to veker i sommar reiste inspektørar over hele landet ut på 322 umelde tilsyn i verksemder med mange unge arbeidstakarar. Ungdommar mellom 18 og 24 år er 50 prosent meir utsette for arbeidsulykker enn arbeidstakarar i andre aldersgrupper, i følgje tal frå EU.

Under tilsynsaksjonen fann inspektørane mellom anna ein 21-årig truckfører utan sertifisert opplæring. Dei fann òg unge utanlandske arbeidstakarar som arbeidde 200 timar i månaden på eit hotell, utan å få overtidsbetaling. Dei arbeidde 12 timars skift, og det stod i arbeidskontrakten at dei skulle arbeide ca. 200 timar per måned. Det blei òg registrert 16-åringar åleine på jobb til klokka 05 om natta i ein kiosk.

Arbeidstilsynet fann ut at seks av ti arbeidsgivarar braut krava i arbeidsmiljølova om å gjennomføre risikovurdering for tilsette under 18 år. 27 prosent mangla skriftleg arbeidsavtale, og 24 prosent gav ikkje ungdommane god nok

opplæring. Til saman blei det gitt 438 reaksjonar.

Eit anna område som blei kontrollert, var gjennomføringa av listeføring av unge under 18 år. Lova gir arbeidsgivarar i verksemder med meir enn 20 tilsette pålegg om å lage ei eiga liste over arbeidstakarar under 18 år, for å gi best mogleg oversikt og vern. Det blei òg sett på bruken av personleg verneutstyr og arbeidstid, mellom anna pausar og nattarbeid. Ei fastfood-verksemde i ei landsomfattande kjede blei meld til politiet for brot på føresegnene om nattarbeid.

– Det er viktig å komme tidleg på banen og nå dei som er på veg inn i arbeids-

livet, med relevant informasjon. Målet er å betre tryggleiken til dei som er nye i arbeidslivet, og å auke kunnskapen om arbeidsmiljø, plikter og rettar, både hos dei unge arbeidstakarane og hos arbeidsgivarane deira, seier direktør Ingrid Finboe Svendsen i Arbeidstilsynet.

MÅ BLI MEIR BEVISSTE

At unge arbeidstakarar skal ha skriftlege arbeidskontraktar og arbeidsvilkår som er i tråd med arbeidsmiljølova, er sjølvst. Arbeidsgivarar må òg bli meir bevisste om dei risikoane som unge arbeidstakarar er utsette for, og dei må tilpasse arbeidet etter kor modne dei unge arbeidstakarane er, og kva slags erfaring og dugleik dei har.

– Det var overraskande at såpass mange arbeidsgivarar ikkje hadde gjennomført særskild risikovurdering knytt til arbeid av ungdom under 18 år. Det kan vere at forskrifta er lite kjend, men det er grunn til å tru at mange arbeidsgivarar bør ta det meir alvorleg at det å ha unge arbeidstakarar fører til at ein må ta ekstra omsyn. Ettersom omfanget av arbeidserfaring og kor moden ein er, varierer frå person til person, må det gjerast ei individuell vurdering av personar under 18 år med omsyn til kva arbeidsoppgåver dei kan utføre, kva dei ikkje kan gjere, og kva slags tilrettelegging som er nødvendig, seier Jon Helge Vaeng, prosjektleder for Arbeidstilsynets nasjonale prosjekt, "Rett start for unge arbeidstakarar".



Unge arbeidstakarar er ofte mellombels tilsette, veit lite om risiko og har lite kunnskap om rettar og plikter.

HØG RISIKO

Unge arbeidstakarar er ofte mellombels tilsette. Dei veit gjerne lite om risiko og har lite kunnskap om rettar og plikter. Ein fjerdedel av dei som begynner på vidaregåande skule, er dårlege til å lese.

Arbeidstakarar under 25 år står for 13 prosent av alle melde yrkesskadar i perioden 2003–2007. Og skadefrekvensen aukar.

Dei har ofte mangelfulle arbeidskontraktar, og dei har mindre erfaring med arbeidsmiljø og konsekvensar av uheldige arbeidsmiljøforhold. 44 prosent av arbeidstakarane mellom 16 og 24 år arbeider utanom ordinær dagtid.

– Barn og unge gjer seg oftare skuldige i handlingar som kan føre til fare både for dei sjølve og andre. Arbeidsgivarar har eit spesielt ansvar for å følgje opp desse arbeidstakarane med tilrettelegging og opplæring. Eg oppfordrar også foreldre til å følgje opp ungene tett når dei begynner å jobbe. Følg med på om

ungane har arbeidskontraktane i orden, og at dei ikkje utset seg for farar på arbeidsplassen, seier Vaeng.

FUNN FRÅ ARBEIDSTILSYNET SIN TILSYNSAKSJON SOMMAREN 2009

- 73 % gav arbeidstakarane skriftlege arbeidsavtalar
- 40 % hadde vurdert arbeidsmiljørisikoen for arbeidstakarane under 18 år
- 76 % hadde gitt arbeidstakarane nødvendig opplæring
- 85 % hadde sikra at arbeidstakarane brukte personleg verneutstyr der det var nødvendig
- 21 % av verksemdene fører liste over arbeidstakarar under 18 år
- 91 % heldt seg innanfor reglane for nattarbeid for arbeidstakarar under 18 år
- 96 % av verksemdene gav arbeidstakarane nødvendige pausar

* Varehandelbransjen og overnattings- og serveringsbransjen blei mest besøkte, sidan det er her størsteparten av dei unge sommarvikarane finst.

ARBEIDSTILSYNET HAR SOM MÅL...



...å auke arbeidsmiljøkunnskapen hos unge arbeidstakarar (*Strategisk plan for Arbeidstilsynet 2008–2011*).

VISSTE DU AT:

- ifølgje tal frå EU er ungdommar mellom 18 og 24 år 50 prosent meir utsette for arbeidsulykker enn arbeidstakarar i andre aldersgrupper.
- for arbeidstakarar under 18 år gjeld det spesielle reglar for kva risikofaktorar dei kan utsetjast for, og spesielle reglar for arbeidstid.

Nye nettsider for Arbeidstilsynet


Arbeidstilsynet fekk hausten 2009 nye nettsider. Formålet med dei nye nettsidene er først og fremst å gjere det lettare for brukarane å finne fram til det dei søker etter.

Ei av dei endringane som brukarane av nettstaden oppdagar først, er nok stikkorda på framsida. Stikkorda er valde ut frå statistikk om kva for tema det er mest søkt på, og ut frå kjennskap til brukarane. Bolken om nyheiter har derimot fått mindre plass. Eit av hovudmåla med den nye nettstaden er at Arbeidstilsynet som organisasjon skal få ein enklare kvardag, og at Arbeidstilsynet si svarteneste skal få færre enkle ja/ nei-spørsmål.

Betre og meir forståeleg innhald Faktasidene er dei sidene som i mange år har vore dei mest populære på arbeidstilsynet.no. Desse sidene har fått ny drakt, med enklare språk og med brukarhistorier som synleggjer nokre vanlege problemstillingar. Arbeidstilsynet si svarteneste veit mykje om kva folk lurar på, og om kva for tema der informasjonen på nettsidene ikkje har vore forståeleg nok. Dette har vore verdifull informasjon i utviklinga av dei nye nettsidene.

FLEIRE VEGAR INN

Søkefunksjonen er blitt mykje betre, mellom anna ved at vi foreslår sider som vi meiner brukaren har nytte av å lese. Alle tema er grupperte alfabetisk på sida "Innhald a-å". I tillegg finn ein att dei gamle kategoriane "Regelverk", "Publikasjonar" og "Skjema". HMS som tema er dessutan blitt lyft inn, og relevant innhald er samla på ein stad.



regelhjelp.no

hjelper stadig fleire

I 2009 hadde regelhjelp.no 228 450 besøkjande. Det er 25 prosent fleire enn i 2008, og brukarane oppfattar nettstaden som nyttig.

På regelhjelp.no er HMS-krav presenterte enkelt og oversiktleg for dei fleste bransjar. Krava kan søkjast opp ved å skrive inn namnet på verksemda eller organisasjonsnummeret.

Det er Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, Mattilsynet, Arbeidstilsynet, Klima- og forureiningsdirektoratet (KLIF), Helsedirektoratet og Næringslivets sikkerheitsorganisasjon (NSO) som står bak nettstaden. I 2009 overtok Arbeidstilsynet driftsansvaret for regelhjelp.no frå KLIF.

BRUKARKARTLEGGING

Regelhjelp.no skal vere ein nyttig og brukarvenleg nettstad. I 2009 blei det gjennomført ei enkel brukarkartlegging, der til saman 800 brukarar var med. Formålet var å kartleggje kven som bruker nettstaden, og dessutan kva dei meiner om regelhjelp.no.

I tillegg til dei tre avkryssingsspora om identiteten til verksemda fekk alle høve til å kome med ei vurdering av nettstaden. 68 prosent gav slik tilbakemelding. Så godt som alle oppfattar nettstaden som nyttig. Enkelte peiker

også på at nettstaden er eit brukarvenleg og lettforståeleg oppslagsverk.

NYTTIGE NYHEITER

I brukarkartlegginga framhevar mange også abonnementsordninga og den tidsvinninga det gir å bli oppdatert på regelverket for eigen bransje. Ved utgangen av 2009 hadde regelhjelp.no 6259 nyheitsabonnentar. Dette er ein auke på 17 prosent frå 2008. Bygg og anlegg er dei bransjane som har klart flest abonnentar. Sidene til desse to bransjane er framleis blant dei mest besøkte bransjesidene i 2009.



Hanne Røst er rektor, og Line L. Andersen verneleiar og inspektør på Krapfoss skule i Moss. På skulen har dei klare rutinar og metodar for å setje helse, miljø og sikkerheit på dagsorden.



Arbeidstilsynets satsing "Med skulen som arbeidsplass":

Særs godt i arbeidsmiljø

Norske skular har rutinar for å skape trygge og gode arbeidsplassar. Men ikkje alle er like gode til å følgje planane og bruke verktøya. Velkommen til ein skule som arbeider målretta med å dokumentere helse, miljø og sikkerheit (HMS) for dei tilsette.

Eit godt stykke unna papirfabrikken og den kjende Mosselukta ligg bydelen Krapfoss, eit område i Moss kommune som er bygd opp på tømmer og gammal sagbruksindustri. I dag er slitarane frå arbeidarklassen for lengst oppsagde og bytte ut med barnefamiljar frå middelklassen. Mellom alle trehusa ligg Krapfoss skule, ein barneskule med 220 elevar og tjue tilsette.

TIMEPLAN FOR ARBEIDSMILJØ
Arbeidstilsynet gjennomførte i 2009 mange tilsyn i skulane. "Med skulen som arbeidsplass" var tittelen på tiltaket. Her blei det sett nærmare på korleis skulane driv førebygging, og korleis dei handterer arbeidsmiljøet. Det kan ofte vere forhold som kan ha uheldige verknader både på dei tilsette og på heile arbeidsmiljøet. Sentrale tema i tilsyna var konflikter på arbeids-

plassen, risikovurderingar, beredskap, omstillingsprosessar og inneklima.

« **Skuleleiinga har plikt til å følgje opp denne undersøkinga blant personalet.**

– Skulefolk er gode til å tenkje på alle tenkjelege og utenkjelege hendingar. Risikobiletet på skulane er i endring frå år til år, med nye problemstillingar. På Krapfoss skule har vi klare rutinar og metodar for å setje helse, miljø og sikkerheit (HMS) på dagsordenen, seier rektor Hanne Røst.

KONFLIKTAR I SKULEN

Krapfoss skule har gode planar og

rutinar for å kartleggje arbeidsmiljøutfordringar. Særleg har pressa skrivne mykje om krakilske elevar i skulen.

– Vi har hatt episodar der tilsette er blitt sparka og slått av elevar. Slike grense-sprengande hendingar er dessverre ein del av skulekvardagen. På Krapfoss har vi klare retningslinjer for korleis vi skal ta fatt i slike saker, og det gjer oss tryggare, fortel lærar og spesialpedagog Ingeborg Jordbakke.

DOKUMENTERER RUTINAR

Korleis greier de å skape eit god arbeidsmiljø?

– Det spørsmålet har vi fått ein del gonger frå andre skuleleiarar etter at Arbeidstilsynet besøkte skulen. Det var eit positivt møte, og det viste at vi er på rett veg med å skape eit godt arbeids-

miljø. Møtet blei eit regelrett klapp på skuldra for det arbeidet vi har gjort for å skape eit god arbeidsklima, fortel Røst. Det eine er å ha rutinar, noko anna og kanskje endå viktigare er å bruke dei operativt og kunne dokumentere innsatsen, fortel Røst, som legg til at på Krapfoss finst det møteplassar der tilsette kan medverke.

FØLGTT OPP AV ARBEIDSTOKKEN

I Moss kommune har dei toårige undersøkingar, forkorta OLI, som står for operativ leiingindeks, som måler engasjementet blant leiarane. Undersøkinga byggjer på seks enkle påstandar om korleis dei tilsette kan påverke det daglege arbeidet. I motsetning til andre målingar viser OLI leiaren si evne til å engasjere og skape ein arbeidsplass for positive og konstruktive tilbakemeldingar. Reint praktisk blir OLI gjennomført som ei spørjeundersøking blant tilsette i skuleverket om deira eige arbeidsmiljø og deira eigen arbeidssituasjon. Skuleleiinga har plikt til å følgje opp denne undersøkinga blant personalet. Det skjer også på Krapfoss, som i tillegg gjennomfører ei eiga årleg medarbeidarundersøking.

– Som verneombod er eg med på denne undersøkinga. Det er viktig å kunne vite kva som er godt, og kva som ikkje er det, seier verneombod Heidi Nord Berg.

– I det heile er arbeidstokken på Krapfoss skule godt fornøgde med arbeidsforholda. Og når folk trivst, har dei ikkje så mykje å klage over. Dermed må vi også argumentere godt når vi ber dei svare på den årlege medarbeiderundersøkinga.

« **Skulefolk er gode til å tenkje på alle tenkjelege og utenkjelege hendingar.**

ROSENRAUDT ELLER IKKJE?

Erfaringane frå Krapfoss viser at det ikkje berre er å gi dei tilsette ein bunke papir eller vise dei alt som ligg ute på intranett. Moss kommune har også laga permar med krav til arbeidsmiljøet.

– Det nyttar ikkje å sitje passivt og tru at tilsette tek til seg all mogleg informasjon utan vidare. Her handlar det om å bruke dei pedagogiske verktøya. Det kan til dømes vere å sende nyttige HMS-tips ut ein gong i veka på e-post og ta opp spørsmål omkring eige arbeidsmiljø blant kollegaene på lærarrommet, fortel Røst. Ho fortel at også Krapfoss skule har sine utfordringar, med ein del avvikande elevar, små skulerom og

branntilsynet som ikkje gir dei lov til å bruke ein del av korridorane i undervisninga. Men det viktigaste er at skulen i mange år har skapt og bruker HMS-verktøya aktivt. Og dei kjem godt med den dagen det verkeleg trengst, konstaterer Røst.

ARBEIDSTILSYNET HAR SOM MÅL...



...at talet på verksemder som legg til rette for arbeidstakarane sine og følgjer opp dei sjukmelde, skal auke (*Strategisk plan for Arbeidstilsynet 2008–2011*).

VISSTE DU AT:

- ved å leggje til rette arbeidsplassen for dei tilsette kan ein redusere risikoen for arbeidsrelatert sjukdom og skade og hindre at arbeidstakarar fell utanfor arbeidslivet.
- arbeidsgivaren skal ha ein skriftlig rutine for å følgje opp sjukefråvær hos dei tilsette og skal mellom anna vurdere tilretteleggingstiltak.
- arbeidsgivar har plikt til å sørge for at arbeidet organiserast og vert lagt til rette slik at arbeidstakarane ikkje vert utsett for uheldige psykiske og fysiske belastningar.

Eg har tenkt å bli gamal i dette yrket, sa Frode Bergum då Arbeidstilsynet vitja kamskjeldykkarfirmaet Atlantic Discovery på Frøya i Sør-Trøndelag, i samband med informasjonsmøtet med kamskjelbransjen.

Dødeleg kamskjeldykking

I januar 2009 omkom ein 31 år gammal polsk statsborgar under dykking etter kamskjel i Frøya kommune i Sør-Trøndelag. Dette var det tredje dødsfallet på sju år blant dei rundt 30 dykkarane som livnærer seg ved å dykke etter kamskjel i området.

Statistikken teiknar eit dystert bilete av tryggleiken i kamskjelbransjen på trøndelagskysten. Arbeidstilsynet i Midt-Noreg har gjennom åra samarbeidd med politiet og Kystvakta om umelde inspeksjonar blant kamskjeldykkarane. Men sjølv med helikopter og båtar har det vist seg krevjande å føre eit effektivt tilsyn med ei verksemd som til dels går føre seg under vatn og med raske båtar mellom 8000 holmar og skjjer.

I månadsskiftet mars–april 2009 inviterte Arbeidstilsynet i Midt-Noreg til eit ope informasjonsmøte med kamskjelbransjen på Frøya. På møtet kom det fram historier om "vill vest" og uforsvarlege dykkeoperasjonar med nestenulykker, ukontrollerte oppstigingar, trykkfallsjuka og dykkarar som svimar av etter at arbeidsdagen er over. Det var likevel ei gjengs oppfatning at tryggleiken har betra seg gjennom åra. Både Arbeidstilsynet og aktørane i bransjen meiner at tryggleiken ved kamskjeldykking er god nok dersom ein følgjer reglane.

Den gjeldande forskrifta om dykking blei fastsett i 1990. Dykkeforskrifta inneheld relativt omfattande og detaljerte krav, med det formålet å oppnå sikker dykking. Men etter at dykkeforskrifta tok til å gjelde for meir enn 18 år sidan, har både teknologien og prosedyrane endra seg mykje.



NY DYKKEFORSKRIFT

I mars 2009 sende Arbeidstilsynet eit forslag om ny dykkeforskrift ut på høyring. Den nye forskrifta presiserer arbeidsgivaren si plikt til å planleggje, risikovurdere og organisere arbeidet, og ho inneheld strengare krav til dokumentasjon av dykka. Det skal gjere det lettare både for arbeidsgivaren og den enkelte dykkaren å føre kontroll med dykkinga. Arbeidstilsynet foreslår dessutan å innføre eit krav om meldeplikt for alle dykk som blir planlagde med dekompresjonsstopp. Betre dokumentasjon frå dykkinga vil, saman med meldeplikta, gjere at Arbeidstilsynet lettare kan føre tilsyn med dykkeoppdrag der det er høg risiko.

I alt kom det inn 25 høyringsfråsegner. Arbeidstilsynet er i avslutningsfasen med samanstilling og vurdering av desse høyringsfråsegnene.

DYKKECOMPUTERAR

Ein dykkecomputer registrerer kva som skjer under dykket, reknar ut nødvendig dekompresjonstid og gjer det mogleg å lese av dokumentasjon frå dykket. Slike tekniske hjelpemiddel har vore på marknaden i ei årrekke. Men dei har ikkje vore godkjende til bruk i samband med yrkesdykking. Yrkesdykkarar bruker derfor framleis dykketabellar for å rekne ut mellom anna dykketid, dykkedjupn, dekompresjonstid og gassblanding.

Mange, ikkje minst blant yrkesdykkarane sjølve, meiner at det burde vere tillate å bruke dykkecomputerar også i yrkes-samanheng. Arbeidstilsynet har derfor gått inn i eit samarbeid med NTNU i Trondheim, som skal teste bruken av dykkecomputerar i yrkessamanheng.

Hausten 2009 skapte uttestingsprosjektet kontroversar, då leiaren for Nasjonalt kompetansesenter for hyperbar- og dykkemedisin ved Haukeland universitetssjukerhus kritiserte både testinga og sjølve ideen om å tillate bruk av dykkecomputerar ved yrkesdykking.

Arbeidstilsynet har valt å halde fram med prosjektet nettopp for å finne ut om tryggleiken i dykkenæringa kan bli betre ved bruk av dykkecomputerar.

– Vi er eine og åleine opptekne av tryggleiken til arbeidstakarane, det er vårt fremste mål, uttalte fungerande regiondirektør Gaute Ivar Bjøru i Arbeidstilsynet Vestlandet om saka til VG 24. november 2009.

ARBEIDSTILSYNET HAR SOM MÅL...



...at talet på verksemder som arbeider systematisk for å førebyggje arbeidsulykker, skal auke, slik at talet på skadar og skadeomfanget blir redusert (Strategisk plan for Arbeidstilsynet 2008–2011).

VISSTE DU AT:

- 42 personar døydde på jobb i 2009.
- kvart år blir ca. 25 000 skadar meldt inn til Arbeidstilsynet. STAMI meiner at det reelle talet er om lag 80 000 arbeidsulykker i året.
- teknisk utstyr er årsaka til mange ulykker, anten ved at utstyret sviktar, eller at det blir brukt feil.



Underrapportering av trafikkulykker

Arbeidsgivarar tenkjer vanlegvis ikkje på dødsulykker i trafikken som arbeidsulykker. Derfor melder få arbeidsgivarar trafikkulykker inn til Arbeidstilsynet, slik regelverket krev.

Ein arbeidstakar som flyttar seg frå stad til stad i bil for å utføre jobben sin, er i arbeid også når han eller ho køyrer. Skulle vedkommande vere så uheldig å komme ut for ei alvorleg ulykke på vegen, er dette per definisjon ei arbeidsulykke som arbeidsgivaren skal melde til Arbeidstilsynet.

Ein studie av dødsulykker frå 2009 viser at det sannsynlegvis skjer langt fleire arbeidsskadedødsfall i Noreg enn det ein tidlegare har trudd. Ved å kryssjekke registeret i Arbeidstilsynet med dødsårsaksregisteret i Folkehelseinstituttet for perioden 2000–2003 fann Ebba

Wergeland i Arbeidstilsynet, Finn Gjertsen ved Nasjonalt folkehelsesinstitutt og Johan Lund ved Universitetet i Oslo, at 43 dødsfall ikkje var melde til eller på annan måte var fanga opp av Arbeidstilsynet. Dei fann at det var særleg dødsfall i trafikken der den omkomne var i arbeid då ulykka skjedde, som mangla. Heller ikkje dødsårsaksregisteret viste seg å vere fullstendig når det gjaldt omfanget av arbeidsskadedødsfall.

Mange av ulykkene som trass alt er registrerte, har Arbeidstilsynet sjølv snappa opp gjennom media. I 2009

registrerte Arbeidstilsynet 42 arbeidsskadedødsfall i Noreg, av desse var 12 trafikkulykker.

FAKTA

Ulykker kan lett oppstå dersom:

- sjåføren ikkje er kompetent til å køyre den aktuelle biltypen
- bilen ikkje er i teknisk god stand
- sjåføren har arbeidd lenge og er sliten
- lasten er for dårleg sikra
- tidsfristar fører til at sjåførar køyrer fortare enn det som er forsvarleg

Førebygging krev kunnskap

Årsaka til ei arbeidsulykke er at nokon har gjort noko dei ikkje burde ha gjort, eller at nokon ikkje har gjort noko dei burde gjere. Førebygging krev kunnskap. Derfor er det viktig at alvorlege ulykker blir melde til Arbeidstilsynet.

– Når vi samlar opp kunnskap om mange ulykker, kan vi sjå om ulykkesforløpa har likskapstrekk eller andre kjenneteikn som gjer dei føreseielege. Ut frå slik erfaring er det mogleg å byggje kunnskap som gjer oss i stand til å førebyggje nye ulykker. Derfor skal alle alvorlege arbeidsulykker meldast til Arbeidstilsynet, seier Stig Magnar Løvås, avdelingsdirektør i Avdeling for dokumentasjon og analyse i Direktoratet for arbeidstilsynet.

Men trass i at lovverket er klart, viser det seg at Arbeidstilsynet ikkje får inn meldingar om alle alvorlege arbeidsulykker.

– Oppfølging av alvorlege trafikkulykker som også er arbeidsulykker, gir oss meir kunnskap om eventuelle bakanforliggjande årsaker. Sjølv om dei fleste trafikkulykker der arbeidstakarar er involverte, ikkje har ei årsak som arbeidsgivaren kan stillast til ansvar for, vil kunnskap om risikobiletet gjere at vi blir meir bevisste om når ulykker skjer, og kvifor, meiner han.

OVERSIKT OVER ÅRSAKER TIL ARBEIDSSKADEDØDSFALL I 2009

		01 Støt/treff av gjenstand	02 Sammenstøt/påkjørsel	03 Velt	04 Klemt/fanget	05 Fall	06 Stukket/kuttet	07 Elektrisk spenning	08 Høy/lav temperatur	09 Kjemikalier	10 Eksplosjon, sprengning, brann	11 Trusler om vold	12 Påført voldsskade	13 Annet	13B Annet - Trafikkulykke	Totalt
01-03	Jordbruk, skogbruk og fiske*	1			2		1							3		7
05-09	Bergverksdrift og utvinning															0
10-33	Industri	1			3	2									2	8
35-39	Elektrisitet, vann og renovasjon					1										1
41-43	Bygge- og anleggsvirksomhet	3		1	1									2	4	11
45-47	Varehandel, motorvognreparasjoner	1														1
49-53	Transport og lagring	1			3					1					7	12
55-56	Overnatting og serveringsvirksomhet															0
58-63	Informasjon og kommunikasjon		1			1										2
64-66	Finansiering- og forsikringsvirksomhet															0
68-75	Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift															0
77-82	Forrentingsmessig tjenesteyting															0
84	Off. adm., forsvar og sosialforsikring															0
85	Undervisning															0
86-88	Helse- og sosialtjenester															0
90-99	Personlig tjenesteyting															0
00	Uoppgitt															0
Totalt		7	1	1	9	4	1	0	0	1	0	0	0	5	13	42

* Arbeidstilsynet har kun ansvar for havbruk inne fiske, så tallene inkluderer kun døde for havbruksdelen innen fiske.

ARBEIDSSKADEDØDSFALL I 2009 ETTER NÆRINGSOMRÅDE

		Sysselsatte i 1000	Antall døde	Frekvens per 100 000 sysselsatte
01-03	Jordbruk, skogbruk og fiske*	58	7	12,1
05-09	Bergverksdrift og utvinning	45		0,0
10-33	Industri	248	8	3,2
35-39	Elektrisitet, vann og renovasjon	31	1	3,2
41-43	Bygge- og anleggsvirksomhet	180	11	6,1
45-47	Varehandel, motorvognreparasjoner	345	1	0,3
49-53	Transport og lagring	134	12	9,0
55-56	Overnatting og serveringsvirksomhet	68	0	0,0
58-63	Informasjon og kommunikasjon	93	2	2,2
64-66	Finansiering- og forsikringsvirksomhet	53	0	0,0
68-75	Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	165	0	0,0
77-82	Forrentingsmessig tjenesteyting	99	0	0,0
84	Off. adm., forsvar og sosialforsikring	157	0	0,0
85	Undervisning	206	0	0,0
86-88	Helse- og sosialtjenester	518	0	0,0
90-99	Personlig tjenesteyting	98	0	0,0
00	Uoppgitt	1	0	0,0
Totalt		2499	42	1,7

* Arbeidstilsynet har kun ansvar for havbruk innen fiske så tallene inkluderer kun sysselsatte og døde for havbruksdelen innen fiske.

OVERSIKT OVER ÅRSAKER TIL YRKESKADER 2009

		Annet	Eksplisjon, sprengning, brann	Elektrisk spenning	Fall	Høy/lav temperatur	Kjemikalier	klemt/fanget	Påført volds-skade	Sammenstøt/påkjørsel	Stukket/kuttet av skarp/spiss gjenstand	Støt/treff av gjenstand	Trusler om vold	Velt	Totalt
00	Uoppgitt	55	2	1	72	3	4	20	39	18	83	44	3	9	353
01-03	Jordbruk, skogbruk og fiske	37		1	51	4	6	41	2	9	29	62	2	2	246
05-09	Bergverksdrift og utvinning	30		4	26	2	5	21		5	14	51		4	162
10-33	Industri	511	16	41	560	93	98	505	4	92	686	737		34	3377
35-39	Elektrisitet, vann og renovasjon	55	2	7	96	3	4	33		8	38	90		7	343
41-43	Bygge- og anleggsvirksomhet	270	9	68	491	7	15	170		44	381	414		26	1895
45-47	Varehandel, motorvognreparasjoner	89	7	4	211	9	13	92	8	47	159	243	9	13	904
49-53	Transport og lagring	145	10	6	412	8	13	175	15	106	47	289	16	38	1280
55-56	Overnatting og serveringsvirksomhet	20	1	1	44	15	9	10	11	5	55	26	4	3	204
58-63	Informasjon og kommunikasjon	5		1	21			4		1	2	10	1	2	47
64-66	Finansiering- og forsikringsvirksomhet	3			14			1	2	1	3	5	3		32
68-75	Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	22		7	53	2	7	9		6	21	26	1	2	156
77-82	Forrentingsmessig tjenesteyting	66	1	4	166		8	54	10	23	54	77	1	8	472
84	Off. adm., forsvar og sosialforsikring	228	14	3	301	13	13	45	119	67	83	116	64	19	1085
85	Undervisning	272	6	7	605	10	7	33	217	71	112	294	18	26	1678
86-88	Helse- og sosialtjenester	593	10	6	671	25	24	132	576	94	522	265	108	42	3068
90-99	Personlig tjenesteyting	33			52	1	2	17	1	9	18	54		4	191
Totalt		2434	78	161	3846	195	228	1362	1004	606	2307	2803	230	239	15493

* Data per 09.03.2010: Skader registreres fortløpende, og registrering for 2009 pågår fremdeles.

REGISTRERTE YRKESKADER ETTER NÆRING 2006 – 2009

		2006	2007	2008	2009
00	Uoppgitt	907	696	585	353
01-03	Jordbruk, skogbruk og fiske	325	287	331	246
05-09	Bergverksdrift og utvinning	134	179	199	162
10-33	Industri	4464	4363	4414	3377
35-39	Elektrisitet, vann og renovasjon	426	413	455	343
41-43	Bygge- og anleggsvirksomhet	2633	2629	2543	1895
45-47	Varehandel, motorvognreparasjoner	1383	1291	1176	904
49-53	Transport og lagring	1809	1772	1732	1280
55-56	Overnatting og serveringsvirksomhet	352	341	314	204
58-63	Informasjon og kommunikasjon	105	94	77	47
64-66	Finansiering- og forsikringsvirksomhet	52	53	34	32
68-75	Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	217	232	223	156
77-82	Forrentingsmessig tjenesteyting	719	764	761	472
84	Off. adm., forsvar og sosialforsikring	1839	1766	1519	1085
85	Undervisning	2288	2525	2062	1678
86-88	Helse- og sosialtjenester	5103	4462	4237	3068
90-99	Personlig tjenesteyting	320	250	252	191
Totalt		23076	22117	20914	15493

* Data per 09.03.2010: Skader registreres fortløpende, og registrering for 2009 pågår fremdeles.

INNMELDTE ARBEIDSRELATERTE SYKDOMMER I 2008 OG 2009

	2008	2009
Diagnosekapitelnavn		
Faktorer som har betydning for helsetilstand og kontakt med helsetjenesten	27	15
Forgiftninger og visse andre konsekvenser av ytre årsaker	92	42
Psykiske lidelser og atferdsforstyrrelser	44	20
Støyskader	1665	1516
Svangerskap, fødsel og barseltid		1
Svulster	96	69
Sykdommer i fordøyelsessystemet	1	2
Sykdommer i hud og underhud	160	152
Sykdommer i muskel - skjelettsystemet og bindevev	107	168
Sykdommer i nervesystemet	45	30
Sykdommer i sirkulasjonssystemet	31	16
Sykdommer i urin og kjønnsorganer		1
Sykdommer i øyet og øyets omgivelser	5	2
Sykdommer i åndedrettssystemet	302	247
Symptomer, tegn, unormale kliniske funn og laboratoriefunn	105	97
Visse infeksjonssykdommer og parasittsykdommer	3	5
Ytre årsaker til sykdommer, skader og dødsfall		
Totalt	2684	2382

INNMELDTE ARBEIDSRELATERTE SYKDOMMER I 2008 OG 2009 ETTER NÆRING

	2008	2009	
01-03	Jordbruk, skogbruk og havbruk	52	53
05-09	Bergverksdrift og utvinning	77	109
10-33	Industri	905	755
35-39	Elektrisitet, vann og renovasjon	68	101
41-43	Bygge- og anleggsvirksomhet	437	469
45-47	Varehandel, motorvognreparasjoner	156	186
49-53	Transport og lagring	162	152
55-56	Overnatting og serveringsvirksomhet	35	22
58-63	Informasjon og kommunikasjon	16	12
64-66	Finansiering- og forsikringsvirksomhet	5	3
68-75	Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	42	52
77-82	Forrentingsmessig tjenesteyting	20	42
84	Off. adm., forsvar og sosialforsikring	142	183
85	Undervisning	121	83
86-88	Helse- og sosialtjenester	122	90
90-99	Personlig tjenesteyting	48	42
00	Uoppgitt	276	28
Totalt	2684	2382	



Design: Scanpartner
Trykk: Trykkpartner Lade
Foto: Terese Lee Jansen,
Kaare Domaas, Torstein Kvakland,
Per Olav Hernes, Colourbox,
Benedikte Skarvik,
Live Oftedahl, Junbing Yang.
Opplag: 1500

ISBN: 978-82-90112-39-9



Arbeidstilsynet

www.arbeidstilsynet.no